



MØTEBOK 02/26

KOMMUNESTYRET

Møtedato: 19.03.2026

Møtetid:

Kl. 16:00 - 20:35

Møtestad: Sula ungdomsskule, amfi

Saksnr.:

013/26 – 027/26,

029/26 – 032/26

Følgjande medlem møtte

Parti

Ingvild Molvær De Iacovo

AP

Jim Arve Røssevoll

AP

Karoline Antonie Slinning

AP

Trygve Holm

AP

Alexander Rudi Sunde

FRP

Bendik Valseth Havnegjerde

FRP

Kjell Petter Dyb

FRP

Martin Nicolai Skår

FRP

Natalia Øvstegård

FRP

Ronny Blomvik

FRP

Sissel Andersen

FRP

Torstein Støylen

FRP

Øystein Båtnes

FRP

Christian Birkeland

H

Geir Ove Vegsund

H

Jan Arne Sletta

H

Nils Erik Bjørkavåg

H

Turid Kristin Sand Humlen

H

Vibeke Bjørkavåg

H

Elin Kilvik Skeide

KRF

Olav Ellingsæther

KRF

Åse Petrin Vegsund

KRF

Jan Magnar Sandvik

SUL

Jostein Bergem Håland

SUL

Magne Anton Sunde

SUL

Ronny Johan Juul

SV

Marcus Aasehaug-Bakken

V

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedlem møtte	Parti
Olin Digernes Molvær	AP	Anders Mørkedal Aakre	AP
Sunniva Molvær	AP	Nils Jarle Solevåg	AP

Frå Sula ungdomsråd:

Olivier Karkoszka

Sokrates Meling

Møteleiar:	Turid Kristin Sand Humlen
Frå administrasjonen:	Kommunedirektør Bente Glomset Vikhagen, kommunalsjefane Ragnhild Hanken Skjong (oppvekst og kultur) og Gunhild Fjeldvig Tørlen (helse og meistring), HR-leiar Torry Larsen, fagleiar Per-Arne Christensen (økonomi), Jens Petter Larsen (økonomi), Jarl Anders Moe (helse og meistring), Per-Vidar Sæhaug (eigedom) og formannskapssekretær Frode Elias Synnes.
Innkalling:	Innkalling med sakliste er sendt ut på førehand. Saksdokumenta til møtet har vore tilgjengelege for politikarane i møteportalen (https://sula.acosky.no/moteportal) og for publikum på Sula kommune si heimeside. Innkallinga vart godkjent.
Sakliste:	Godkjent med merknad frå Jim-Arve Røssevoll (AP) om at sakene til innbyggjarane ikkje var tilgjengeleg på heimesida før måndag. I tillegg blir det ofte ettersendt saker, gjerne i siste liten, det bør vere unntaket heller enn regelen.
Utlevert i møtet:	-
Diverse:	Sula vekst AS vart i går kåra til årets bedrift i Møre og Romsdal av kompetanse- og næringsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune. Ordførar delte ut blomar og gratulerte på vegne av eigarane, kommunestyret og heile Sula kommune, til dagleg leiar Øyvind Vebenstad. Han orienterte deretter om drift, rekneskap, utvikling m.v. for bedrifta. Jostein Håland (SUL) fekk permisjon etter behandling av sak 023/26.

Saksliste

Saksnr.	Sakstittel	Gradering
013/26	Godkjenning av møtebok nr. 01/26	
014/26	Forprosjekt - Nytt tenestehus i Sula kommune	
015/26	Rapport om finansforvaltning pr 31.12.2025	
016/26	Rebudsjettering av investeringar frå 2025 til 2026	
017/26	Anskaffingsstrategi for Sula kommune	
018/26	Revidering - Alkoholpolitiske retningslinjer 2026-2028	
019/26	Utgreiing av heildøgns helse- og omsorgstenester i Sula kommune	
020/26	Orienteringssak - tenestestandard for kommunale helse- og omsorgstenester i Sula	
021/26	Kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn 2026-2036, endeleg behandling	
022/26	Organisering av VA-sektoren i samarbeid mellom Ålesund og Sula kommune	
023/26	Retningslinjer skuleskyss Sula kommune	
024/26	Barnehage- og skulebruksplan 2026-2036	
025/26	Sula kontrollutval - val av ny varamedlem ut valperioden 2023 - 2027	
026/26	Fritak for politiske verv - Geir Ove Vegsund	
027/26	Val av nytt medlem til Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027	
028/26	Strøyming av politiske møte - prinsipp	
029/26	Rapportering til kommunestyret - status på saker behandla 2. halvår 2025	
030/26	Referatsaker	
031/26	Eventuelt - spørsmål - orienteringar	
032/26	Høyringsinnspel til NOU 2026:1 "En bærekraftig kommunesektor"	

013/26: Godkjenning av møtebok nr. 01/26

Møteboka blir godkjent.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

K - 013/26 Vedtak:

Møteboka blir godkjent.

014/26: Forprosjekt - Nytt tenestehus i Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek saka til orientering.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Kommunedirektør ved kommunalsjef helse og meistring, rådgivar eigedom og Multiconsult AS v/ Robin Sæterøy orienterte. Presentasjon blir gjort tilgjengeleg i møteportal og på heimesida under møtet.

Det var ei runde med spørsmål og svar.

Vidar Hagerup (H):

Sula kommunestyre tek saka til orientering.

Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for at vidare arbeid med nytt helsehus også omfattar ei overordna vurdering av framtidig bruk, gjenbruk eller avhending av eksisterande kommunal bygningsmasse som vert påverka av tiltaket.

Ved avstemming vart formannskapet si innstilling samrøystes vedtatt.

Forslag frå Hagerup vart vedtatt med 27 mot 2 stemmer (Ronny Blomvik og Kjell Petter Dyb (begge FrP).

K - 014/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til orientering.

Kommunestyret ber kommunedirektøren sørge for at vidare arbeid med nytt helsehus også omfattar ei overordna vurdering av framtidig bruk, gjenbruk eller avhending av eksisterande kommunal bygningsmasse som vert påverka av tiltaket.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Kommunedirektør ved kommunalsjef helse og meistring, rådgivar eigedom og Multiconsult AS v/ Robin Sæterøy orienterte. Presentasjon blir gjort tilgjengeleg i møteportal og på heimesida under møtet.

Det var ei runde med spørsmål og svar.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 016/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til orientering.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Kommunedirektør ved kommunalsjef helse og meistring, rådgivar helse og meistring og rådgivar eigedom orienterte.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 009/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til orientering.

015/26: Rapport om finansforvaltning pr 31.12.2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Tilrådinga vart samrøystes vedtatt.

K - 015/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 018/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

016/26: Rebudsjettering av investeringar frå 2025 til 2026

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek at ubrukte løyvingar frå 2025 på 8.102.889 kroner vert rebudsjettert frå 2025 til 2026 slik det går fram av tabell nedanfor:

Prosj.	Prosjektnavn	Bud. 2025	Regn. 2025	Rebud. 2026
I1104	Avsett til grunnkjøp	1 053 240	0	1 053 240
I1108	Nausthaugen. Forprosjekt tomteområde	1 000 000	803 860	196 140
I1301	Rammeløyving IKT	1 607 557	1 425 031	182 526
I5071	Lys turløype Vassetvatnet	383 749	343 440	40 309
I5181	Opparbeiding av friområde på Rørstad	135 788	0	135 788
I5202	Sula rådhus, fasade prosjektering	455 268	33 159	422 109
I5209	Strakstiltak Langevåg sentrum	411 970	363 689	48 281
I5225	Utfasing av lyskilder etter påbud	5 000 000	3 763 885	1 236 115
I5240	Tenestehus	1 000 000	358 755	641 245
I5242	Barne og avlastningsbustad	500 000	182 169	317 831
I5243	Småhus (ROP leiligheter herunder nødleilighet)	500 000	71 067	428 933
I5244	Oppgradering i Stadsnesvegen 19 A (Nordeabygget)	500 000	0	500 000
I5245	Sal av Fiskerstrand skule	300 000	98 468	201 532
I5246	Sal av Måseide skule	300 000	184 087	115 913
I5251	Distriktstannklinikken - renovering	1 200 000	928 923	271 077
I5252	Modulbygg - 2 nødhusvære	1 506 250	970 296	535 954
I6123	Overvassstette kummer	500 000	0	500 000
I6170	Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg	2 000 000	724 104	1 275 896
	SUM	18 353 822	10 250 933	8 102 889

Finansiering	Beløp
Bruk av lån	6 792 959
MOMS-kompensasjon	1 309 930
SUM	8 102 889

(Det er ikkje behov for nytt låneopptak knytt til desse investeringane. Det vil bli brukt av «ubrukte lånemidler» på lån som er tatt opp tidlegare)

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Refererte til spørsmål i formannskapet der han viste til at det for ei god stund sidan vart stilt spørsmål som gjeld utfasing av lyskilder etter påbud. Det vart bedd om innsyn i kven som vart vald som leverandør sidan dette gjaldt større summer. Kommunedirektør ved einingsleiar for eigedom informerte om at første del av arbeidet vart utført innanfor rammeavtalen. Det vart gjennomført ein minikonkurranse for andre del. Det var forskjellige som vann. Formannskapet ber om informasjon i seinare møte om prosessen med val av leverandør og kven som vart vald.

Øystein Båtnes stilte også spørsmål.

Ordførar orienterte om at svar på begge spørsmåla vil bli gitt i neste kommunestyremøte.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 016/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at ubrukte løyvingar frå 2025 på 8.102.889 kroner vert rebudsjettert frå 2025 til 2026 slik det går fram av tabell nedanfor:

Prosj.	Prosjektnavn	Bud. 2025	Regn. 2025	Rebud. 2026
I1104	Avsett til grunnkjøp	1 053 240	0	1 053 240
I1108	Nausthaugen. Forprosjekt tomteområde	1 000 000	803 860	196 140
I1301	Rammeløyving IKT	1 607 557	1 425 031	182 526
I5071	Lys turløype Vassetvatnet	383 749	343 440	40 309
I5181	Opparbeiding av friområde på Rørstad	135 788	0	135 788
I5202	Sula rådhus, fasade prosjektering	455 268	33 159	422 109
I5209	Strakstiltak Langevåg sentrum	411 970	363 689	48 281
I5225	Utfasing av lyskilder etter påbud	5 000 000	3 763 885	1 236 115
I5240	Tenestehus	1 000 000	358 755	641 245
I5242	Barne og avlastningsbustad	500 000	182 169	317 831
I5243	Småhus (ROP leiligheter herunder nødleilighet)	500 000	71 067	428 933
I5244	Oppgradering i Stadsnesvegen 19 A (Nordeabygget)	500 000	0	500 000
I5245	Sal av Fiskerstrand skule	300 000	98 468	201 532
I5246	Sal av Måseide skule	300 000	184 087	115 913
I5251	Distriktstannklinikken - renovering	1 200 000	928 923	271 077
I5252	Modulbygg - 2 nødhusvære	1 506 250	970 296	535 954
I6123	Overvassstette kummer	500 000	0	500 000
I6170	Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg	2 000 000	724 104	1 275 896
	SUM	18 353 822	10 250 933	8 102 889

Finansiering	Beløp
Bruk av lån	6 792 959
MOMS-kompensasjon	1 309 930
SUM	8 102 889

(Det er ikkje behov for nytt låneopptak knytt til desse investeringane. Det vil bli brukt av «ubrukte lånemidler» på lån som er tatt opp tidlegare).

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Viste til at det for ei god stund sidan vart stilt spørsmål som gjeld utfasing av lyskilder etter påbud. Vart bedd om innsyn i kven som vart vald som leverandør sidan dette gjaldt større summar.

Kommunedirektør ved einingsleiar for eigedom informerte om at første del av arbeidet vart utført innanfor rammeavtalen. Det vart gjennomført ein minikonkurranse for andre del. Det var forskjellige som vann.

Formannskapet ber om informasjon i seinare møte om prosessen med val av leverandør og kven som vart vald.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 020/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at ubrukte løyvingar frå 2025 på 8.102.889 kroner vert rebudsjettert frå 2025 til 2026 slik det går fram av tabell nedanfor:

Prosj.	Prosjektnavn	Bud. 2025	Regn. 2025	Rebud. 2026
I1104	Avsett til grunnkjøp	1 053 240	0	1 053 240
I1108	Nausthaugen. Forprosjekt tomteområde	1 000 000	803 860	196 140
I1301	Rammeløyving IKT	1 607 557	1 425 031	182 526
I5071	Lys turløype Vassetvatnet	383 749	343 440	40 309
I5181	Opparbeiding av friområde på Rørstad	135 788	0	135 788
I5202	Sula rådhus, fasade prosjektering	455 268	33 159	422 109
I5209	Strakstiltak Langevåg sentrum	411 970	363 689	48 281
I5225	Utfasing av lyskilder etter påbud	5 000 000	3 763 885	1 236 115
I5240	Tenestehus	1 000 000	358 755	641 245
I5242	Barne og avlastningsbustad	500 000	182 169	317 831
I5243	Småhus (ROP leiligheter herunder nødleilighet)	500 000	71 067	428 933
I5244	Oppgradering i Stadsnesvegen 19 A (Nordeabygget)	500 000	0	500 000
I5245	Sal av Fiskerstrand skule	300 000	98 468	201 532
I5246	Sal av Måseide skule	300 000	184 087	115 913
I5251	Distriktstannklinikken - renovering	1 200 000	928 923	271 077
I5252	Modulbygg - 2 nødhusvære	1 506 250	970 296	535 954
I6123	Overvassstette kummer	500 000	0	500 000
I6170	Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg	2 000 000	724 104	1 275 896
	SUM	18 353 822	10 250 933	8 102 889

Finansiering	Beløp
Bruk av lån	6 792 959
MOMS-kompensasjon	1 309 930
SUM	8 102 889

(Det er ikkje behov for nytt låneopptak knytt til desse investeringane. Det vil bli brukt av «ubrukte lånemidler» på lån som er tatt opp tidlegare).

017/26: Anskaffingsstrategi for Sula kommune**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Sula kommunestyre vedtek anskaffingsstrategi for Sula kommune slik den ligg ved denne saka
2. Strategien skal reviderast første året i kvar valperiode, eller ved behov som til dømes ved endringar i reglar og forskrifter.
3. Kommunestyret vert halde løpande oppdatert på inngåtte rammeavtalar som ein del av den månadlege rapporteringa til formannskapet.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 017/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek anskaffingsstrategi for Sula kommune slik den ligg ved denne saka
2. Strategien skal reviderast første året i kvar valperiode, eller ved behov som til dømes ved endringar i reglar og forskrifter.
3. Kommunestyret vert halde løpande oppdatert på inngåtte rammeavtalar som ein del av den månadlege rapporteringa til formannskapet.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Det var ei runde med spørsmål og svar, spesielt knytt til at anskaffingsstrategien må gi moglegheiter for å handle lokalt.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 021/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek anskaffingsstrategi for Sula kommune slik den ligg ved denne saka
2. Strategien skal reviderast første året i kvar valperiode, eller ved behov som til dømes ved endringar i reglar og forskrifter.
3. Kommunestyret vert halde løpande oppdatert på inngåtte rammeavtalar som ein del av den månadlege rapporteringa til formannskapet.

018/26: Revidering - Alkoholpolitiske retningslinjer 2026-2028

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret vedtek alkoholpolitiske retningslinjer slik dei kjem fram i vedlegg til denne saka.
2. Retningslinjene trer i kraft frå 18.03.26.
3. Revisjon av alkoholpolitiske retningslinjer for Sula kommune vert gjennomført første år i kvar valperiode og elles ved behov.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Det var ei runde med spørsmål og svar.

Torstein Støylen (FrP):

Viste til at Regjeringa har hatt ute på høyring ei sak om utvida skjenking under fotball-VM til sommaren. Vi i FrP vil be om at kommunedirektør tek opp dette som sak i kommunestyret 7. mai.

Ordførar svarte at det vil bli gjort.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Midlertidige bygg som telt / sommertelt inngår som godkjent skjenkestad innanfor 4-månaders perioden som er beskrive i retningslinjene. Om det foreligger godkjent leiekontrakt med grunneier.

Ved avstemming vart innstillinga samrøystes vedtatt.

Forslag frå Valseth Havnegjerde fall med mot 18 mot 11 stemmer (FrP, SV og Jan Magnar Sandvik (SUL)).

K - 018/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek alkoholpolitiske retningsliner slik dei kjem fram i vedlegg til denne saka.
2. Retningslinene trer i kraft frå 18.03.26.
3. Revisjon av alkoholpolitiske retningsliner for Sula kommune vert gjennomført første år i kvar valperiode og elles ved behov.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Det var ei runde med spørsmål og svar.

Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 025/26 Vedtak:

1. Kommunestyret vedtek alkoholpolitiske retningsliner slik dei kjem fram i vedlegg til denne saka.
2. Retningslinene trer i kraft frå 18.03.26.
3. Revisjon av alkoholpolitiske retningsliner for Sula kommune vert gjennomført første år i kvar valperiode og elles ved behov.

019/26: Utgreiing av heildøgns helse- og omsorgstenester i Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet slik det kjem fram i denne saka.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Kommunedirektør ved rådgivar helse og meistring orienterte.

Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 019/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet slik det kjem fram i denne saka.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Kommunedirektør ved rådgivar helse og meistring orienterte.

Det var ei runde med spørsmål og svar.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 024/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet slik det kjem fram i denne saka.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Kommunedirektør ved rådgivar helse og meistring orienterte.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 005/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet slik det kjem fram i denne saka.

020/26: Orienteringssak - tenestestandard for kommunale helse- og omsorgstenester i Sula

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Kommunedirektør ved rådgivar helse og meistring orienterte.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 020/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting

16.03.2026

Kommunedirektør ved rådgivar helse og meistring orienterte om saka i eit fellesmøte med Eldrerådet.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tatt til vitande.

RLF - 002/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Kommunedirektør ved einingsleiar Sulatunet orienterte.

Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 023/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Kommunedirektør ved einingsleiar Sulatunet orienterte.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 004/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek saka til vitande.

021/26: Kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn 2026-2036, endeleg behandling

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova §11-15 kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn for Sula kommune for 2026-2036 slik den ligg ved i saka

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Jan Arne Sletta (H) etterspurte informasjon om lekkasje frå leidningsnett.

Kommunedirektør informerte om at dette ikkje er ein del av delplanen, men at det kan bli gitt meir informasjon om dette, søk, tetting m.m. i neste møte i plan- og miljøutvalet.

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 021/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova §11-15 kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn for Sula kommune for 2026-2036 slik den ligg ved i saka.

Behandling i Plan- og miljøutvalet 03.03.2026

Kommunedirektør ved einingsleiar Havnegjerde orienterte.
Saka vart drøfta.

Jan Magnar Sandvik (SUL):

Som kommunedirektør si innstilling med slikt tillegg:

Vedtaket fører ikkje til økonomiske eller administrative konsekvensar, men kommunedelplanen og handlingsdelen vil være grunnlag for å sette opp dei årlege rammeløyvingane og for strategisk investering.

Ved avstemming sette ein kommunedirektør si innstilling opp mot forslaget frå Sandvik. Forslaget frå Sandvik vart samrøystes vedtatt.

PM - 011/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek med heimel i plan- og bygningslova §11-15 kommunedelplan for vassforsyning, avløp og overvatn for Sula kommune for 2026-2036 slik den ligg ved i saka.

Vedtaket fører ikkje til økonomiske eller administrative konsekvensar, men kommunedelplanen og handlingsdelen vil være grunnlag for å sette opp dei årlege rammeløyvingane og for strategisk investering.

022/26: Organisering av VA-sektoren i samarbeid mellom Ålesund og Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Kommunestyret tek stratus i arbeidet til orientering.

2. Kommunedirektøren legg fram orienteringssak om alternative driftsformer til drøfting innan utgangen av 2. kvartal 2026.
3. Kommunedirektøren tek sikte på prinsippvedtak om organisasjonsmodell innan 3. kvartal 2026.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Kommunedirektør orienterte.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Fellesforslag frå AP og FrP:

1. Kommunestyret ynskjer ikkje ei virksomheit overdraging av VAR-sektoren i Sula kommune over til Ålesund kommune.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren realisere vedtaket gjort i K-sak 032/23, 15.06 2023. Kommunestyret vedtok at Kongshaugen reinseanlegg skal organiserast som eit IKS basert på anbefalinga frå konsulent selskapet KINEI. Avtalen kring kostnadsfordeling på 80/20 for bygging og drift av anlegget skal ligge til grunn.
3. Arbeid og prosessar som følgje av vedtaket i K-sak 66/25 på møtet 18.06.25 avsluttast. Dette gjeld utgreiing av alternative driftsformer for Kongshaugen reinseanlegg og organisering av felles VAR-sektor for Sula og Ålesund. Arbeid som har relevans for etablering av eit IKS kan fortsette.
4. Kommunestyret ynskjer at driftselskapet (IKS) for Kongshaugen reinseanlegg vert etablert og står klart til anlegget vert sett i ordinær drift.
5. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyre med informasjon om framdrift for etablering av IKS.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren å sørge for at VAR-avdelinga i Sula er godt rusta til å ta ansvar for drift av leidningsnett og pumpestasjonar mm, samt feilsøking og feilretting på utstyr og infrastruktur blir kommunen sitt ansvar etter reinseanlegget vert sett i drift. Kommunestyret ynskjer ei berekraftig VAR-avdeling i Sula med fokus på høg kompetanse og eit godt arbeidsmiljø, som kan yte tenester til innbyggjarane og kommunen sitt beste.

Det vart gjennomført eit gruppemøte.

Ved avstemming sette ein formannskapet si innstilling opp mot fellesforslaget frå AP og FrP. Fellesforslaget vart vedtatt med 22 mot 7 stemmer (H og V).

K - 022/26 Vedtak:

1. Kommunestyret ynskjer ikkje ei virksomheit overdraging av VAR-sektoren i Sula kommune over til Ålesund kommune.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren realisere vedtaket gjort i K-sak 032/23, 15.06 2023. Kommunestyret vedtok at Kongshaugen reinseanlegg skal organiserast som eit IKS basert på anbefalinga frå konsulent selskapet KINEI. Avtalen kring kostnadsfordeling på 80/20 for bygging og drift av anlegget skal ligge til grunn.

3. Arbeid og prosessar som følgje av vedtaket i K-sak 66/25 på møtet 18.06.25 avsluttast. Dette gjeld utgreiing av alternative driftsformer for Kongshaugen reinseanlegg og organisering av felles VAR-sektor for Sula og Ålesund. Arbeid som har relevans for etablering av eit IKS kan fortsette.
4. Kommunestyret ynskjer at driftselskapet (IKS) for Kongshaugen reinseanlegg vert etablert og står klart til anlegget vert sett i ordinær drift.
5. Kommunedirektøren kjem attende til kommunestyre med informasjon om framdrift for etablering av IKS.
6. Kommunestyret ber kommunedirektøren å sørge for at VAR-avdelinga i Sula er godt rusta til å ta ansvar for drift av leidningsnett og pumpestasjonar mm, samt feilsøking og feilretting på utstyr og infrastruktur blir kommunen sitt ansvar etter reinseanlegget vert sett i drift. Kommunestyret ynskjer ei berekraftig VAR-avdeling i Sula med fokus på høg kompetanse og eit godt arbeidsmiljø, som kan yte tenester til innbyggjarane og kommunen sitt beste.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Kommunedirektøren orienterte.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 027/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek status i arbeidet til orientering.
2. Kommunedirektøren legg fram orienteringssak om alternative driftsformer til drøfting innan utgangen av 2. kvartal 2026.
3. Kommunedirektøren tek sikte på prinsippvedtak om organisasjonsmodell innan 3. kvartal 2026.

023/26: Retningslinjer skuleskyss Sula kommune

Kommunedirektøren si innstilling:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre, administrative justeringar ved behov.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Olivier Karkoszka (Sula ungdomsråd): kom med synspunkt på saka og stilte eit par spørsmål som vart svart ut av kommunedirektøren.

Det var ei runde med spørsmål og svar. Saka vart drøfta.

Innstillinga frå Levekårsutvalet vart samrøystes vedtatt.

Jostein Håland (SUL) fekk permisjon etter behandlinga av denne saka.
28 røysteføre.

K - 023/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre, administrative justeringar ved behov.
3. Vedlegg "Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege i Sula pr febr. 2026" er ikkje relevant for saka og blir tatt vekk frå saka når den blir sendt til vidare behandling.

**Behandling i Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting
16.03.2026**

Som kommunedirektør si innstilling, men der ordet jamleg i første setning i punkt 2.7 ang vinterskyss skal bli erstatta med fortløpande, dvs slik:
"Kommunen skal fortløpande vurdere strekningane som blir brukt til og frå skulen, og sørge for at skulevegen er trygg for elevar under vinterforhold."
Dette vart samrøystes tilrådd.

RLF - 004/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune, men med ny første setning i punkt 2.7 ang vinterskyss blir: "Kommunen skal fortløpande vurdere strekningane som blir brukt til og frå skulen, og sørge for at skulevegen er trygg for elevar under vinterforhold."
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjere mindre, administrative justeringar ved behov.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Saka vart drøfta.

Vibeke Bjørkavåg (H):

nytt punkt 3: Vedlegg "Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege i Sula pr febr. 2026" er ikkje relevant for saka og blir tatt vekk frå saka når den blir sendt til vidare behandling.

Kommunedirektør kommenterte at vegane i vedlegget er vegstrekningar der det tidlegare er søkt skuleskyss. Vegstrekninga er objektivt vurdert som særleg farleg eller vanskeleg eller lang og vanskeleg.

Innstillinga med forslag frå Bjørkavåg vart samrøystes tilrådd.

LEV - 003/26 Vedtak:

1. Sula kommunestyre vedtek Retningslinjer for skuleskyss i Sula kommune.
2. Kommunedirektøren får fullmakt til å gjøre mindre, administrative justeringar ved behov.
3. Vedlegg "Strekningar som er vurdert som særleg farlege eller vanskelege i Sula pr febr. 2026" er ikkje relevant for saka og blir tatt vekk frå saka når den blir sendt til vidare behandling.

024/26: Barnehage- og skulebruksplan 2026-2036**Kommunedirektøren si innstilling:**

1. Kommunestyret tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet med å framskaffe eit kunnskapsgrunnlag for skule- og barnehageområdet som grunnlag for ein strategi for tenesteområdet med innspel til rullering av langsiktig drifts- og investeringsstrategi.
2. Levekårsutvalet skal haldast orientert i løpet av prosessen.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 024/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet med å framskaffe eit kunnskapsgrunnlag for skule- og barnehageområdet som grunnlag for ein strategi for tenesteområdet med innspel til rullering av langsiktig drifts- og investeringsstrategi.
2. Levekårsutvalet skal haldast orientert i løpet av prosessen.

**Behandling i Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting
16.03.2026**Fellesforslag utarbeidd i møtet:

Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting peikar på moglegheita for å løyse utfordring med parkeringsforholda for både Sunde fjordhotell og Sunde barnehage ved å sjå desse to i samanheng samtidig som ein må sjå på løysing for smidig av- og påkøyring til E39. Sunde barnehage har vore for liten i mange år utan at ny lokasjon har kome på kartet. Sula kommune er eigar av lokasjon ved Solevåg fergekai, ein lokasjon med kort avstand til offentleg transport.

Det blir vurdert at dette arbeidet må skje i perioden vår / forsommar / haust då ein i same periode skal vurdere strategiske hovudgrep og overordna konsekvensvurderingar, dvs før behandling av årsbudsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030.

Fellesforslaget vart samrøystes vedtatt.

RLF - 003/26 Vedtak:

Råd for likestilling av personar med funksjonsnedsetting peikar på moglegheita for å løyse utfordring med parkeringsforholda for både Sunde fjordhotell og Sunde barnehage ved å sjå desse to i samanheng samtidig som ein må sjå på løysing for smidig av- og påkøyring til E39. Sunde barnehage har vore for liten i mange år utan at ny lokasjon har kome på kartet. Sula kommune er eigar av lokasjon ved Solevåg fergekai, ein lokasjon med kort avstand til offentleg transport.

Det blir vurdert at dette arbeidet må skje i perioden vår / forsommar / haust då ein i same periode skal vurdere strategiske hovudgrep og overordna konsekvensvurderingar, dvs før behandling av årsbudsjett 2027 og økonomiplan 2027 - 2030.

Behandling i Levekårsutvalet 09.03.2026

Saka vart drøfta.

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

LEV - 002/26 Vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering og støttar føringane for arbeidet med å framskaffe eit kunnskapsgrunnlag for skule- og barnehageområdet som grunnlag for ein strategi for tenesteområdet med innspel til rullering av langsiktig drifts- og investeringsstrategi.
2. Levekårsutvalet skal haldast orientert i løpet av prosessen.

025/26: Sula kontrollutval - val av ny varamedlem ut valperioden 2023 - 2027

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek at NN (parti) blir ny første vara til kontrollutvalet.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedtatt.

K - 025/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at vara til kontrollutvalet frå gruppa Ap / SV / V blir:

1. Olav Hoff (SV)
2. Inger Øien (Ap)
3. Vidar Mostrøm (Ap)

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Jim Arve Røssevoll (Ap):

Gruppa Ap / SV / V ønsker opprykk på varalista. Vidar Mostrøm blir ny tredje vara for gruppa Ap / SV / V.

Forslag frå Røssevoll vart samrøystes tilrådd.

F - 029/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at vara til kontrollutvalet frå gruppa Ap / SV / V blir:

1. Olav Hoff (SV)
2. Inger Øien (Ap)
3. Vidar Mostrøm (Ap)

026/26: Fritak for politiske verv - Geir Ove Vegsund

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek at ___ (H) blir første vara til plan- og miljøutvalet.

Sula kommunestyre vedtek at Vidar Hagerup (H) blir fjerde vara til formannskapet, administrasjonsutvalet, klageutvalet og valstyret.

Kommunestyret konstaterer at kjønnsbalansen i alle aktuelle utval og varalister er oppfylt.

Endringar i kommunestyret for resten av valperioden 2023 - 2027:

Sula kommunestyre tek til orientering at Geir Ove Vegsund (H) har fått innvilga fritak frå alle politiske verv resten av valperioden.

Vidar Hagerup som er første varamedlem for Høgre går inn som fast medlem i kommunestyret for resten av valperioden 2023 - 2027. Varamedlemmene rykker opp i rekkefølge og det kjem inn ny siste varamedlem for Høgre - Ole Andreas Erstad.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Vibeke Bjørkavåg (H):

Therese K. Digernes Nossen blir første vara. Vibeke Bjørkavåg går inn som ny tredje og siste vara.

Forslaget frå Bjørkavåg vart samrøystes vedtatt.

K - 026/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at Therese K. Digernes Nossen blir første vara til plan- og miljøutvalet for Høgre. Vibeke Bjørkavåg blir ny tredje vara.

Sula kommunestyre vedtek at Vidar Hagerup (H) blir fjerde vara til formannskapet, administrasjonsutvalet, klageutvalet og valstyret.
Kommunestyret konstaterer at kjønnsbalansen i alle aktuelle utval og varalister er oppfylt.

Endringar i kommunestyret for resten av valperioden 2023 - 2027:

Sula kommunestyre tek til orientering at Geir Ove Vegsund (H) har fått innvilga fritak frå alle politiske verv resten av valperioden.

Vidar Hagerup som er første varamedlem for Høgre går inn som fast medlem i kommunestyret for resten av valperioden 2023 - 2027. Varamedlemmene rykker opp i rekkefølge og det kjem inn ny siste varamedlem for Høgre - Ole Andreas Erstad.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 030/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at ___ (H) blir første vara til plan- og miljøutvalet.

Sula kommunestyre vedtek at Vidar Hagerup (H) blir fjerde vara til formannskapet, administrasjonsutvalet, klageutvalet og valstyret.

Kommunestyret konstaterer at kjønnsbalansen i alle aktuelle utval og varalister er oppfylt.

Endringar i kommunestyret for resten av valperioden 2023 - 2027:

Sula kommunestyre tek til orientering at Geir Ove Vegsund (H) har fått innvilga fritak frå alle politiske verv resten av valperioden.

Vidar Hagerup som er første varamedlem for Høgre går inn som fast medlem i kommunestyret for resten av valperioden 2023 - 2027. Varamedlemmene rykker opp i rekkefølge og det kjem inn ny siste varamedlem for Høgre - Ole Andreas Erstad.

027/26: Val av nytt medlem til Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre vedtek at ... blir ny medlem i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Jim Arve Røssevoll (AP):

Nils Jarle Solevåg blir ny medlem i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027.

Samrøystes vedtatt.

K - 027/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at Nils Jarle Solevåg blir ny medlem i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Kommunedirektør orienterte om at nytt medlem må vere ein mann for å sikre lovpålagt kjønnsbalanse i rådet.
Innstillinga vart samrøystes tilrådd.

F - 028/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at ... (mann) blir ny medlem i Råd for likestilling av menneske med nedsett funksjonsevne 2024 - 2027.

028/26: Strøyming av politiske møte - prinsipp

Kommunedirektøren si innstilling:

Alternativ 1:

Sula kommunestyre vedtek at det skal bli strøyma frå kommunestyremøta.
Strøyming føreset at møte blir halde i eit lokale der det er utstyr for strøyming.
Politiske møter som av ulike grunnar blir lagt til andre lokasjoner, blir det ikkje strøyma frå. Blir det behandla saker der ein på førehand veit at det har stor publikumsinteresse, bør det aktuelle møtet bli halde på ein av lokasjonane med utstyr for strøyming.
Opptak blir publiserte som redigerte og teksta opptak på kommunal side for TV-arkiv.
Lagring av opptak blir avgrensa til maksimalt to år, men avgrensa slik at vi ikkje lagrar meir enn 300 GB totalt. Kommunedirektør skal etablere rutinar for fortløpande sletting.
Årlege driftskostnadar på kr 55.000 (2026-kroner) og kostnadar til kjøp av nødvendig utstyr og programvare blir dekkja over ansvar 90010 politisk styring.

Alternativ 2:

Sula kommunestyre vedtek at det skal bli strøyma frå følgande politiske møte:

- Plan- og miljøutval
- Formannskap
- Kommunestyret

Strøyming føreset at møte blir halde i eit lokale der det er utstyr for strøyming.
Politiske møter som av ulike grunnar blir lagt til andre lokasjoner, blir det ikkje strøyma frå. Blir det behandla saker der ein på førehand veit at det har stor

publikumsinteresse, bør det aktuelle møtet bli halde på ein av lokasjonane med utstyr for strøyming.

Opptak blir publiserte som redigerte og teksta opptak på kommunal side for TV-arkiv. Lagring av opptak blir avgrensa til maksimalt to år, men avgrensa slik at vi ikkje lagrar meir enn 300 GB totalt. Kommunedirektør skal etablere rutinar for fortløpande sletting.

Årlege driftskostnadar på kr 55.000 (2026-kroner) og kostnadar til kjøp av nødvendig utstyr og programvare blir dekkja over ansvar 90010 politisk styring.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Turid Humlen (H) anbefalte at saka blir sendt tilbake til administrasjon for vidare utgreiing fordi det ikkje har vore tid å få sikker kunnskap om kostnadar ved ulike alternativ.

Ingvild Molvær De Iacovo (AP) bad om at ny sak må opplyse om regelverket rundt arkivlov og lagringstid.

Forslaget frå ordførar vart samrøystes vedtatt.

K - 028/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at saka blir sendt tilbake til administrasjonen for vidare utgreiing.

Behandling i Formannskapet 10.03.2026

Saka vart drøfta.

Bendik Valseth Havnegjerde (FrP):

Som alternativ 2 i kommunedirektøren si innstilling, men med maksimalt 5 års lagringstid, tilsvarande éi valperiode med eitt års overlapp.

Jim Arve Røssevoll (Ap):

For å spare lagringsplass blir opptak som er eldre enn 5 år lasta ned og lagra offline lokalt slik at det blir lagra for ettertida. Dette skal bli gjort tilgjengeleg for innbyggjarane etter innsynskrav.

Kommunedirektøren kjem om mogleg med informasjon til kommunestyret om kva ressursar det vil krevje å lagre eldre opptak offline lokalt og med moglegheit for innsyn frå innbyggjarane.

Forslag frå Valseth Havnegjerde og Røssevoll vart samrøystes tilrådd.

Formannskapet si innstilling må bli justert slik at den blir i tråd med bestemt tilråding.

F - 031/26 Vedtak:

Sula kommunestyre vedtek at det skal bli strøyma frå følgande politiske møte:

- Plan- og miljøutval
- Formannskap
- Kommunestyret

Strøyming føreset at møte blir halde i eit lokale der det er utstyr for strøyming. Politiske møter som av ulike grunnar blir lagt til andre lokasjoner, blir det ikkje strøyma frå. Blir det behandla saker der ein på førehand veit at det har stor publikumsinteresse, bør det aktuelle møtet bli halde på ein av lokasjonane med utstyr for strøyming.

Opptak blir publiserte som redigerte og teksta opptak på kommunal side for TV-arkiv. Lagring av opptak blir avgrensa til maksimalt 5 år, tilsvarande éi valperiode med eitt års overlapp.

Opptak eldre enn 5 år blir lasta ned og lagra offline lokalt slik at det blir arkivert for ettertida. Dette skal bli gjort tilgjengeleg for innbyggjarane etter innsynskrav.

Kommunedirektør skal etablere rutinar for fortløpande sletting.

Årlege driftskostnadar og kostnadar til kjøp av nødvendig utstyr og programvare blir dekkja over ansvar 90010 politisk styring.

029/26: Rapportering til kommunestyret - status på saker behandla 2. halvår 2025

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommunestyre tek rapporten til vitande.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

K - 029/26 Vedtak:

Sula kommunestyre tek rapporten til vitande.

030/26: Referatsaker

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Trygve Holm, leiar av kontrollutvalet, orienterte om aktivitet i utvalet.

Kommunedirektøren si innstilling vart samrøystes vedtatt.

K - 030/26 Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning slik dei ligg føre.

031/26: Eventuelt - spørsmål - orienteringar

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Sula vekst AS vart i går kåra til årets bedrift i Møre og Romsdal av kompetanse- og næringsutvalet i Møre og Romsdal fylkeskommune. Ordførar delte ut blomar og gratulerte på vegne av eigarane, kommunestyret og heile Sula kommune, til dagleg leiar Øyvind Veбенstad.

Øyvind Veбенstad orienterte deretter om drift, rekneskap, utvikling m.v. for Sula vekst AS.

Det hadde blitt sendt inn spørsmål frå Jostein Håland (SUL) og Elin Kilvik Skeide (KrF). Begge spørsmåla var relatert til andre saker som har blitt besvart ut i løpet av møtet, høvesvis referatsak frå kontrollutvalet og K-sak 032/26, så spørsmåla vart ikkje sett fram.

K - 031/26 Vedtak:

Spørsmål og orienteringar vart tatt til vitande.

032/26: Høyringsinnspel til NOU 2026:1 "En bærekraftig kommunesektor"

Kommunedirektøren si innstilling:

Sula kommune støttar Kommunesektorens organisasjon, KS, sitt høyringsinnspel til NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor – Kommunekommisjonen si første delutredning*.

Behandling i Kommunestyret 19.03.2026

Elin Kilvik Skeide (KrF):

Å fjerne eller svekke lærernorma vil bety at økonomi i større grad enn elevene sine behov vil avgjøre kor mange lærere skolen skal ha.

Åse P. Vegsund (KrF):

Kompetansekravet i helse- og omsorgstjenesten må bestå. Krav til kompetanse er grunnleggende for å kunne yte nødvendige og forsvarlige tjenester. Våre innbyggere forventer at tjenestene skal holde høy profesjonell kvalitet, samme hvor du bor. Dagens tjenester er komplekse. Brukerne har ofte sammensatte og alvorlige helseutfordringer som krever faglig vurderingsevne, medisinsk kunnskap og forståelse for lovverk og etikk. Dette krever både formell og reell kompetanse. Rekrutteringsutfordringer må løses gjennom bedre arbeidsvilkår, styrket bemanning og økt utdanningskapasitet – ikke gjennom å senke kravene til faglig kompetanse. Etter vår vurdering er kompetansekravet ikke til hinder for lokale prioriteringer eller gir kommunene lite handlingsrom.

Kommunestyret vart einige om at ein først stemte over kommunedirektør si innstilling før ein evt stemmer over forslaga frå Elin K. Skeide og Åse P. Vegsund (begge KrF). Det var 28 røysteføre, jf Håland fekk permisjon etter behandling av sak 023/26. Kommunedirektør si innstilling vart vedtatt med ordførar si dobbelstemme. 14 stemte for og følgjande 14 stemte imot: KrF (3), SUL (2), SV (1), V (1), Ronny Blomvik og Kjell Petter Dyb (begge 2 FrP), og dessutan Jim Arve Røssevoll, Karoline Antonie Slinning, Ingvild Molvær De Iacovo, Anders Mørkedal Aakre og Nils Jarle Solevåg (alle 5 AP). Som konsekvens fall vekk dei to andre forslaga.

K - 032/26 Vedtak:

Sula kommune støttar Kommunesektorens organisasjon, KS, sitt høyringsinnspel til NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor – Kommunekommisjonen si første delutredning*.